



Kriminalomsorgens regioner

**Rundskriv**

Nr:  
KDI 9/2017

Vår ref:  
201718022-15

Dato:  
14.12.2017

## **REGLER FOR DAGPENGAR 2018**

Det er i budsjettet for 2018 innarbeidd ein netto priskompensasjon på 2,5 % på post 01.2 .

Dette inneber at den generelle dagpengesatsen vil hevast med kr 1,0 og stønadssatsen med kr 1,00 pr. dag frå og med 01.01.2018.

Regler om dagpengar er gjeven i straffegjennomføringslova § 19, forskrifta § 3-13 og retningslinjene pkt. 3.17 om dagpengar, innreikna prinsippa for utbetaling.

Satsen for dagpengar er:

### **1 . ORDINÆR DAGPENGE SATS :**

Arbeid, programverksemd, opplæring og andre tiltak innanfor aktivitetsplikta.

Lik sats for kvardagar og helgedagar

**kr 68,00**

Vi viser til retningslinjene til straffegjennomføringslova pkt. 3.17. Dersom innsette er heilt eller delvis utelukka frå fellesskapet etter straffegjennomføringslova §§ 37 / 39 og på grunn av dette ikkje kan arbeide, skal det gjevast stønadspengar. Innsette som sjølv ikkje er skuld i at dei er utan arbeid, opplæring eller aktivitetar, **skal gjevast ordinær dagpengesats.**

### **2 . SPESIELLE UNNTAK:**

Ekstra tillegg for særleg viktig arbeid utover ordinær dagpengesats

**inntil kr 27,00**

### **3 . STØNADSPENGAR:**

Stønadspengar skal gjevast i dei tilfella som framkjem av forskrifta § 13-13 og retningslinjene pkt. 3.17 om dagpengar

**kr 47,00.**

Kriminalomsorga Arendal fengsel, Kleivegrend avdeling vert godtgjort som tidlegare.

4 . DAGPENGAR TIL INNSETTE SOM GJENNOMFØRER STRAFF ETTER § 12:  
Domfelte som gjennomfører straff i medhald av § 12 tilståast ei yting etter ordinær dagpengesats  
kr. 68,00 . Dette beløpet vert alltid utbetalt for 7 dagar i veka.

Dette rundskrivet trer i kraft 01.01.2018

KDI vil automatisk justera satsane i KOMPIS reskontro.

Med hilsen

  
Jan-Erik Sandlie  
assisterande direktør

  
Bente Gøril Sandahl  
seniorrådgjevar

*Dette brevet er godkjent elektronisk i kriminalomsorgen og har derfor ingen signatur.*